



KOMMUNEREFORMA

Næringslivet heiar på

Nye Midt-Telemark var tema på frukostmøtet til MTNU tysdag. Stemninga blant næringslivsfolka var eintydig positiv til kommunesamanslåing.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf 906 38 453

Midt-Telemark Næringsutvikling (MTNU) arrangerte tysdag morgon næringsfrukost på Aarnes kafeteria. Nær 40 aktørar møtte opp til frukost, informasjon og diskusjon om kva ei kommunesamanslåing kan føre til av konsekvensar for næringslivet i regionen. Ordførarane i dei tre Midt-Telemarkkommunane var òg til stades og delte sine tankar om temaet.

Positiv stemning

Bøordførar Olav Kasland samantlikna kommunesamanslåinga med det å få seg kjærast.

– Om ein går rundt og leitar etter det heilt perfekte så blir ein som oftast åleine, sa Kasland, og peika på at det nå er viktig å fokusere på fordelane med å vere saman og ikkje leite etter dei få tinga ein kan finne på å kritisere.

Alle tre ordførarane talte varmt, men nøkternt, for ei samanslåing. Ordføraren i Sauherad hadde med seg sitt aust-alternativ i bagasjen, men let det stadig skine igjennom at Midt-Telemarkssamarbeidet er det som ligg nærast for folket i Sauherad totalt sett.

Alle tre peika på at næringslivet er ein viktig del av grunnmuren i kvar kommune og ein viktig faktor for å få ønska utvikling.

– Næringslivet er sjølve drivkrafta i kommunane, sa ordførarane, og Kasland hekta med eit smil på at ein dessutan treng skattepengane frå denne næringa.

”Say no more”

Pending var eit tema, og det blei peika på at både Nome og Sauherad har stor utpendling til arbeidsplassar utanfor sin kommune, spesielt mot Grenland. Bøheringen Arnt Langkaas irriterte seg tydelegvis over Sauherad si forelsking i retning Notodden.

– Kva er stoda på Notodden når det gjeld folkevekst, arbeidsplassar og utpendling, spurte han sauheradordføraren, og fekk ikkje konkrete svar på at det var særleg positiv utvikling.

– Say no more, repliserte Langkaas.

Feire andre peika likevel på at utpendling til arbeidsplassar i Grenland ikkje er eit negativt trekk for kommunane i Midt-Telemark, sidan Grenland er og blir eit lokomotiv for Telemark.

Helge Aarnes er kritisk til at Midt-Telemark skal sjå austover når det handlar om arbeidsplassar og samarbeid.

– Aksent Midt-Telemark - Skien er naturleg, sa Aarnes, og la til at nå må ein fokusere på heilheitstenking og ikkje henge seg opp i detaljar som til dømes arbeidsgjevaravgifta i Nome.

Frå Sauherad kom det tydeleg fram at kvaliteten på skulane i kommunen er ei begrensing for positiv utvikling. Ordføraren innrømte at skulen er for dårleg, og at det tek for lang tid å få gjort endringar.

Torstein Lindheim kalla Sauherads flørting med Notodden som ein uheldig maktkamp og etterlyste realismen i eit samarbeid med Notodden.

Opprop for Midt-Telemark

Arne Gavle har teke initiativ til eit opprop frå ja-sida i regionens næringsliv og hadde tysdag morgon 15 bedrifter med seg frå alle tre kommunane.

– Fokus er at regionen må få meir fart i sporet, få til ei raskare utvikling og bygge oss meir robuste, sa Gavle, og lot det ikkje vere tvil om han meiner at kommunane ikkje må fortsetje å drifte tre hushaldningar men heller slå det heile i hop.

– Eg har fått positiv respons på oppropet. Dei positive effektane av ei samanslåing overskygger heilt klart det som måtte vere dei negative, sa han til Bø blad etter møtet.

Ordførarane i Bø og Nome avslutta med at ein større kommune ville stå sterkare i framtidens kamp både når det handlar om prioriteringar innan kommunikasjon og det å halde på ein sterk vidaregåande skule og høgskule i Bø.

– Når me skal kjempe om posisjonar og positiv utvikling er det kommunens storleik, eller kjøttvekt som eg kallar den, som er avgjerande, sa Kasland.

– Me kan velje mellom å leite fram mange problem ved ei samanslåing eller løfte blikket og sjå kva som blir viktig i framtida, avslutta nomeordførar Bjørg Tveito Lundefaret.



Opprop frå ja-sida. Arne Gavle er tydeleg på at næringslivet er tent med ein større og sterkare Telemarkskommune og har teke initiativ til eit opprop for ja-sida. Dei tre ordførarane stiller seg bokstavig talt bak oppropet.